



Nasjonalparkstyret  
for Reinheimen

# Møteprotokoll

**Utvalg:** Nasjonalparkstyret for Reinheimen

**Møtested:** Teams

**Dato:** 13.03.2026

**Tidspunkt:** 10:00 - 12:00

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Terese Jemtegård Moen	Leder	Fjord kommune
Mariann Skotte	Nestleder	Lesja kommune
Inger Line Flydal	Medlem	Reinheimen-Breheimen villreinutval
Hans Kristian Enge	Medlem	Innlandet fylkeskommune
Morten Kielland	Medlem	Skjåk kommune
Kristian Frisvold	Medlem	Lom kommune
Jan Peter Valde	Medlem	Rauma kommune
Dordi Boksasp Lerum	Medlem	Møre og Romsdal fylkeskommune
Kari Flækøy Skjåkødegård	Medlem	Vågå kommune

## Øvrige frammøtte:

Navn	
Kristine Sørli	Nasjonalparkforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparkforvaltar

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

\_\_\_\_\_  
Terese Jemtegård Moen  
Sign.

\_\_\_\_\_  
Inger Line Flydal  
Sign.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/2026	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/2026	Orienteringar		
ST 3/2026	Referatsaker		
	Underretning om avgjørelse i sak - brot på verneforskrifta - Finndalen LVO - 2024 - inngrep i Finna elv - Magne Olav Brennsletten	X	2025/1194
	Varsel om mogleg pålegg om retting - brot på verneforskrifta - Lordalen LVO - ulovlig installasjon - Bjøknesetra	X	2025/11294
	Høring - unntak frå båndtvangsbestemmelsen ved Slådalsvegen for hundetrening og jaktprøve - Lesja kommune		2026/3195
	Korrigert adresseliste - høring - forslag til endringer i regelverket om miljø- og kulturmiljøkriminalitet - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2025/12646
	Klargjøring - unntak i verneforskrifter - militær operativ virksomhet - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2019/9129
	Vedtak - statlig investering i egen merkevare - Norges nasjonalparker - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		2026/916
	Søknad - Ottadalen LVO - utbedring av fiskebu - Honnsjoen - Thorstein Steinehaugen		2026/1373
	Bekreftelse - trukket søknad - Romsdalen LVO - riving av eksisterende utedo - tilbygg for å etablere ny utedo - Rauma 202/3 - Vermedalen - Grytten fjellstyre		2025/8000
ST 4/2026	Delegerte saker		
DS 1/2026	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - Gammelgården - Eystein Fransplass		2025/12400
DS 2/2026	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport og tilsyn med almenningshyttene - utsetting av settefisk - Skjåk Almenning		2025/10311
DS 3/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - snømålinger - Glommens og Laagens Brukseierforening		2025/10856
DS 4/2026	Vedtak - utsatt frist - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - helikopter - oppgradering av dammen til nye Verma kraftverk - Langvatnet - Rauma Energi Produksjon AS		2024/7916

DS 5/2026	Delegert vedtak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - transport til naust ved Torsvatnet og Leirungsvatnet - Skjåk jeger og fiskarlag	2025/12547
DS 6/2026	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - Brøste - Kabben - Jorun Granli Bettum	2025/10723
DS 7/2026	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - barmark - transport til hytte på Tunga og til naust ved Ulvådalsvatnet - Pål Henrik Seyffarth	2025/10312
DS 8/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - snødekt mark - basestasjon for nødnett på Horrungen ROL089 - Skarvedalseggen ROL100 - Motorola Solutions Norway	2026/116
DS 9/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Trollstigen LVO - helikopter - basestasjon for nødnett på Horrungen ROL089 - Skarvedalseggen ROL100 - Skarfjellenden RMR057 - Motorola Solutions Norway	2026/116
DS 10/2026	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - løypekjøring - Brøstdalen - Øverdalen Idrettslag	2025/14112
DS 11/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - garnfiske - Leirungsvatnet - Torsvatnet - Einar Banken	2025/12548
DS 12/2026	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - hytte ved Tunga bru - Lars Fransplass	2025/14110
DS 13/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - snødekt mark - fjellstyrets hytter - Lesja fjellstyre	2025/13803
DS 14/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - motorbåt - Reinsminne - Ulvådalen - Kjetil Alnæs	2025/14376
DS 15/2026	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - snødekt mark - fiskebu ved Lortjønn - Lodvar Brekkum	2025/14550
DS 16/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - John Teigum - Ola Rikheim - Magne Frisvold - Syver Flatmo	2026/392
DS 17/2026	Delegert sak - dispensasjon - Lordalen LVO - snødekt mark - hytte ved Løstølen - Mads Magnussen	2025/14329
DS 18/2026	Delegert sak - dispensasjon - Lordalen LVO - snødekt mark - transport av proviant - Anne Nafstad Lyftingsmo	2025/13562
DS 19/2026	Delegert sak - omgjøring av vedtak - Lordalen LVO - snødekt mark - transport til egen hytte - Lordalsvegen 1989 - Bente Mølmen Lægland	2025/3713

DS 20/2026	Delegert sak - Romsdalen LVO - snødekt mark - Brøstdalen - Bjørn Kåre Alnes		2026/1876
DS 21/2026	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - snødekt mark - barmark - motorbåt - Reinsminne - Lyder Kristian Alnes - Jahn Terje Alnes - Bjørn Kåre Alnes		2026/1861
DS 22/2026	Delegert sak - dispensasjon - Romsdalen LVO - snødekt mark - Brøste - Kabben - Even Lislien		2026/432
DS 23/2026	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - snødekt mark - transport av salt til beitedyr i Tordalen - Kjell Egil Ramstad		2026/1168
DS 24/2026	Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - varetransport til hytte - Gro Suvatne		2026/1966
DS 25/2026	Delegert sak - Ottadalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - utkøyring av båt Lortjønn - Lodvar Brekkum		2025/14550
ST 5/2026	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2025		2026/3080
ST 6/2026	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - fordeling - midler til tiltak - driftsmidler - 2026		2025/11938
ST 7/2026	Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - frakt av båt og garnkasse - Søre Grønvatnet - Geir Mølmen		2026/731
ST 8/2026	Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak - 2026 - scene - Bjøknesetra - Anne Karin Riise		2026/1741
ST 9/2026	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2026 - byggetiltak - nytt vindu - Vermedalen - Frank Sæther		2026/136
ST 10/2026	Romsdalen lvo - dispensasjon - byggetiltak - motorferdsel - 2025 - helikopter - ny bru over Ulvåa - DNT Sunnmøre		2025/7707
ST 11/2026	Romsdalen LVO - Klage på vedtak - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2027 - snødekt mark - hytte ved Tunga bru	X	2025/14110
ST 12/2026	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møter 2026		2026/1256

## **ST 1/2026 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Inger Line Flydal ble vald til å signere protokollen saman med styreleiar.

## **ST 2/2026 Orienteringar**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

Det ble orientert om følgjande:

- Oppstartsmøte 19.mars - moglegheitsstudie i Finndalen Ivo, 35 påmeldte. Terese, Kari, Kristian og Morten deltek frå styret
- Villreinkonferansen på Otta 4.mars, der Terese og forvaltarar deltok. Bra og innhaldsrik konferanse.
- Nettsida til nasjonalparkstyret - det er lagt ut informasjon om søknad om dispensasjon for lisensfelling av store rovdyr i verneområdet, og jf. brev frå miljødirektoratet 28.10.2025. Informasjon er videresendt til kommuner og statsforvaltere i MR og IN som er bede om å vidareformidle til jaktlag, lisensjegere.
- Søknad frå DNT Sunnmøre om nytt byggetiltak på utedo på Vakkerstølen - søknaden er trekt inntil vidare.
- Nasjonalparkforvaltar samarbeider med "Fjellfestivalen" om arrangement til sommaren

#### **Vedtak**

Orienteringar vert teke til vitande.

## **ST 3/2026 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

Referatsaker vart teke til orientering

## **ST 4/2026 Delegerte saker**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

Delegerte saker vert teke til orientering.

# ST 5/2026 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - Årsrapport 2025

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026

### Behandling

Det ble lagt fram forslag om følgjande tillegg til innstillinga:

*Nasjonalparkstyret ber om at sekretariatet tek kontakt med miljødirektoratet om at miljøvedtaksregisteret bør vidareutviklast for å kunne ta ut meir presise statistiske data som t.d. tal turar det blir gjeve dispensasjon til innafor ulike verneområda.*

Innstillinga frå forvaltar med tillegget lagt fram i møtet vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Nasjonalparkstyret for Reinheimen tek årsrapport for 2025 til orientering, og ber om at årsrapporten for Reinheimen blir publisert på Nasjonalparkstyret sine nettsider, og vidareformidla til rådgjevande utval, administrativt kontaktutval og andre samarbeidsaktørar knytt til Reinheimen.

Nasjonalparkstyret ber om at sekretariatet tar kontakt med miljødirektoratet om at miljøvedtaksregisteret bør vidareutviklast for å kunne ta ut meir presise statistiske data som t.d. tal turar det blir gjeve dispensasjon til innafor ulike verneområda.

# ST 6/2026 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - fordeling - midler til tiltak - driftsmidler - 2026

## Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026

### Behandling

Samrøystes som innstillinga.

### Vedtak

Nasjonalparkstyret tek tildelte midlar til styrearbeid og driftsmidler for 2026 til orientering:

Drift av Nasjonalparkstyret for Reinheimen	kr 460 000
Grunnstøtte til drift 2026	kr 100 000
Forvaltningsplan	kr 30 000
Skjøtselsplan	kr 250 000
<b>Sum</b>	<b>kr 840 000</b>

Nasjonalparkstyret for Reinheimen fordeler tildelte tiltaksmidler for 2026 som i tabellen:

Pri.	Namn	Kommentar	Beløp (eks.mva)
1	Skjøtsel, Horgheimsetra, Vermedalssetrene, Gravdehaug og Selen i Romsdalen	Vidareføre skjøtsel- og /gjerding for bufe, No Fence, Slått og rydding, Slått og inngjerding	130 000
2	Skjøtsel, Sterringen i Finndalen	Vidareføre skjøtsel- og /gjerding for bufe, No Fence geit	50 000
3	Hovudinnfallsport Billingen	<p>Detaljprosjektering inkl. grunnundersøking - fotopunkt/utsiktspunkt langs Billingen natur- og kulturstig jf. forprosjekt-rapport (Nordplan AS 2025), og sårbarheitsanalyse for Billingen (MU 2025).</p> <p>Vidareføre nødvendige stiltak langs natur- og kulturstigen i samsvar med metodikk utprøvd på stikurset i 2024. SNO er utfører.</p> <p>Restaurering Stokkebrua over Tora elv langs natur- og kulturstien. Spleiselag mellom grunneigar (Skjåk Alm.), DNT OO og nasjonalparkstyret.</p>	670 000
4	Innfallsport Kløvstigen	Vidareføre påbegynte tiltak langs Kløvstien i trå med besøksstrategi, mulighetsstudie og detaljplanar for Kløvstien. I 2026 er det aktuelt å fullføre grusing og trappelegging på Kløvstien, og skilt med Trollstigfoten..	150 000
5	Informasjonspunkt - Zakariasdammen	<p>Fornye informasjonspunkt og stistarten ved Zakariasdammen. Erstatte eksisterande skiltstativ med skilt i cortenstål og informasjonsplakatar i trå med besøksstrategi og designmanualen.</p> <p>Flytte punktet til ein betre plass i avklaring med DNT Sunnmøre og Fjord kommune.</p>	200 000
6	Samlepott – fornye innhald og evt, skiltsystem på eksisterande informasjonspunkt i trå med Besøksstrategien	<p>Nye skiltsystem og informasjonsplakatar som er avklart med lokale aktørar og som må fornyast i trå med Besøksstrategien og designmanualen.</p> <p>Avklaringar med lokale aktørar, kommune, grunneigarar</p>	300 000

		Tenestekjøp grafisk design og evt, utskifting av skiltsystem fundamentere/grunnarbeid  Aktuell info.punkt i 2026: Norsk Tindesenter Dønfoss Lordalen – Nysetra Rånå Finndalen – Odden Nordherad i Vågå Lia i Lom Aursjoen Tunga/Sjugurdgarden	
7	Mulighetsstudie Trollstigen - Valldal	Mulighetsstudie som skal avklare tilretteleggingstiltak, kanalisering av ferdsel og informasjonstiltak i samband med auka turisme på akse over Trollstigen til Valldal i Trollstigen Ivo og Tafjorden- Reindalen Ivo.  Tenestekjøp konsulent til mulighetsstudie som skal gjennomføres i samarbeid med kommuner og reiselivet. Forankring i besøksstrategi for Reinheimen, Rauma og Fjord kommune.	200 000
8	<b>SUM</b>		<b>1 700 000</b>

Sekretariatet får fullmakt til å søkje miljødirektoratet om supplerande tildeling til prioriterte tiltak, dersom nødvendige avklaringar er på plass, og gjennomføring blir aktuelt i 2026.

Dersom det står att tiltaksmidlar på slutten av året, kan sekretariatet også i samråd med styreleiar omdisponere midlar til tiltak internt.

## **ST 7/2026 Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - snødekt mark - frakt av båt og garnkasse - Søre Grønvatnet - Geir Mølmen**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

## Vedtak

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Geir Mølmen dispensasjon til:

- plassering av ny garnkasse og båt ved Søre Grønvatnet for utskifting av gamal båt og garnkasse.
- motorferdsel på snødekt mark for å transportere inn ny båt og garnkasse, og transportere ut den gamle båten og garnkassa på retur.

### **Dispensasjonen til plassering av garnkasse og båt er gjeve med følgjande vilkår:**

- Ny garnkasse og båt skal plasserast i nordenden av Grønvatnet der den gamle kassa og båten var plassert.
- Plassering av garnkassa skal ikkje føre til terrenginngrep, og den skal stå slik at den er minst mogleg eksponert / skjemmaende i landskapet.
- Garnkassa skal ikkje overstige 1m<sup>3</sup>. Høgda skal vera inntil 0,8 m. Kassa skal ha ei farge som gjer at den minst mogleg eksponert.
- Båten skal plasserast slik at den ikkje hindrar ferdselen langs vatnet.
- Garnkassa og båten skal merkast med eigars namn, og ved utplassering skal det sendast bilete og GPS- koordinat til nasjonalparkstyret på e-post: [sfinpost@statsforvaltaren.no](mailto:sfinpost@statsforvaltaren.no)
- Dersom båten og garnkasse ikkje lenger er i bruk, skal eigar fjerne båten frå området.
- Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan om nødvendig be om opprydding, og at båt og garnkassa vert fjerna frå verneområdet.

Det blir gjort merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

### **Dispensasjon til motorferdsel er gjeve med følgjande vilkår:**

- Dispensasjon gjeld for 1 tur på vinterføre i 2026 eller i 2027
- Den gamle garnkassa og båten skal transporterast ut på retur.
- Transporten skal gjennomførast før 15.april. Det skal ikkje køyrast veka før vinterferien og påska.
- Køyretrasé: Grøndalen på austsida av Nonshøe og Skarvehøe, til Grønvatnet. Retur i same køyrespor.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjend av Lesja kommune for transportoppdraget, som skal ha med kopi av dispensasjon og utfylt køyrebok under transporten. Transporten skal om det er mogeleg samordnast med transportoppdrag til Grønbue for å minimere motorferdsel i verneområdet.
- SNO v/ Thomas Rødstøl (mob. 915 47 617), skal varslast på SMS dagen før.
- Ved informasjon om villrein i køyretraseen, skal turen utsettast.
- Dispensasjon og vedlagte køyrebok skal fyllast ut og takast med under transport, for framvising ved eventuell kontroll.
- Utfylt køyrerapport (vedlagt) skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 31.12. det aktuelle året.

Ta omsyn til villrein og hekkande rovfugl i området. Om ein skulle møte på villrein i planlagt køyrerute, må ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrifta.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også må avklarast med grunneigar og kommunen.

## **ST 8/2026 Lordalen LVO - dispensasjon - byggetiltak - 2026 - scene - Bjøknesetra - Anne Karin Riise**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

Det ble lagt fram følgjande tillegg til innstillinga:

*Nasjonalparkstyret er positive til arrangement og tilleggsnæring på setra, men tiltaka må vera i trå med vernereglane og i samsvar med setermiljø og byggeskikken i Lordalen landskapsvernområde.*

Innstillinga frå forvaltar og tillegget lagt fram i møtet vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får Anne Kari Riise avslag på søknad om oppføring av utescene med danseplattung og frittliggjande plattung på Bjøknesetra i Lordalen landskapsvernområde.

Tiltaket er ikkje i samsvar med forvaltningsplanen for verneområdet og ein dispensasjon vil vera i strid med verneformålet som mellom anna er å ta vare på eit verdifult setermiljø.

Nasjonalparkstyret er positive til arrangement og tilleggsnæring på setra, men tiltaka må vera i trå med vernereglane og i samsvar med setermiljø og byggeskikken i Lordalen landskapsvernområde.

## **ST 9/2026 Romsdalen LVO - dispensasjon - 2026 - byggetiltak - nytt vindu - Vermedalen - Frank Sæther**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen lvo § 3 pkt. 1.3, c) får Frank Sæther sette inn eit nytt vindu på nordvestsida av hytta si i Vermedalen.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindauget skal ha ei ytre ramme på inntil enten 1,10 X 1,10 m med 4X4 rutar eller 1,10 X 1,65 m med 6X4 rutar.
- Rutane oppdelt med sprossar skal være kvadratiske (som vindauget på 1,10 X 1,10 m som er vendt mot Veslfjellet).
- Vindauget skal plasserast minst 1 m frå ytre veggkant.

- Vindaugene skal ha same farge på srossar og karmar som resten av hyttevindaugene har på hytta. Brun eller vinraude.

- Frist for gjennomføring av arbeidet inkludert opprydding er satt til 15.11.2027.

Vedtaket gjeld i høve verneforskrift og naturmangfoldlova. Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med Rauma kommune.

SNO-Reinheimen kan kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

## **ST 10/2026 Romsdalen Ivo - dispensasjon - byggetiltak - motorferdsel - 2025 - helikopter - ny bru over Ulvåa - DNT Sunnmøre**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

#### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

#### **Vedtak**

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen Ivo § 3, punkt 1.3 d), får DNT Sunnmøre dispensasjon til å sette opp ny bru ved Ulvåa der den gamle brua sto.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår.

- Treverket som nyttes i brua skal være av uimpregnert kjerneved av furu.
- Brubjelker skal være på inntil 18 meter og brubredde på 80 cm, som vist i søknaden.
- Dekket på brua skal være av tverrstilte planker.
- Rekkverk skal monteres på begge sider, enten med trelister eller vaiere.
- Fundament i stål skal boltas direkte på fast fjell. Fundamentet skal være ei ramme med to stålsøyler og ein horisontal H-bjelke på toppen.
- Brua skal følgje retningslinene til Skred AS sin rapport (2025) om konstruksjon og plassering.
- Tiltaket skal være utført og byggemateriale og restar frå gammal bru skal være rydda bort innan 15. november 2026.
- DNT Sunnmøre får ansvar for drift og vedlikehald av den nye DNT brua.

Med heimel i naturmangfoldloven § 48 får DNT Sunnmøre dispensasjon til motorisert ferdsele i form av helikopter i samband med å sette ny bru på plass og for å rydde opp den gamle.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår.

- Det gis inntil 4 løft med helikopter i samband med utsetting av bru og opprydding.
- Brubjelkane med vidare utstyr kan flygast frå eigna stad langs Brøstdalsvegen.
- Restar frå det gamle brufestet og bru skal fjernast ut frå verneområdet i samband med flyginga.
- Den motoriserte ferdsele skal skje etter 15. juni av omsyn til fugle og dyreliv.

Det vert gjort merksam på at dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark. **Tiltakshavar må avklare bygging og flyging med grunneigar, kommune og evt andre aktørar.**

SNO vil kunne kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

# **ST 11/2026 Romsdalen LVO - Klage på vedtak - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2027 - snødekt mark - hytte ved Tunga bru**

## **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

Kristian Frisvold

Klaga blir teke til følgje. Det blir gjeve inntil 5 turar.

### **Behandling**

Ved røysting stemde 7 for innstillinga til fovaltår. 2 stemde for forslaget til Kristian Frisvold.

Innstillinga frå forvaltår vart vedteke med 7 mot 2 stemmer.

### **Vedtår**

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har gjort ei vurdering og tek ikkje klaga til følgje om å auke motoriserte turar med snøskuter til hytta frå 2 til 5 turar i året. Vedtaket er gjort med heimel i forvaltningsloven § 33.

I klaga er det ikkje lagt fram nye opplysningar som er av ein slik art at vedtaket datert 15.01.2026 burde endrast.

Saka blir sendt til Miljødirektoratet for endelig avgjersle.

## **ST 12/2026 Nasjonalparkstyret for Reinheimen - møter 2026**

### **Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 13.03.2026**

### **Behandling**

Samrøystes som innstillinga.

### **Vedtår**

Møteplan i nasjonalparkstyret 2026:

- 1.Fredag 13.mars - Teams
- 2.Måndag 20.april - Teams
- 3.Måndag 11.mai - Teams
- 4.Onsdag 10 .- Torsdag 11.juni - synfaring inkl. styremøte, 2 dager med overnatting
- 5.Onsdag 23.september - Fysisk styremøte, inkl. rådgjevande utval
- 6.Fredag 4.desember - Teams

Med atterhald om eventuelle endringar.